



17. mai i Sogndal kommune

Dei lokale 17. mai-komiteane har laga program for årets 17. mai-feiring, og i fleire av bygdene i kommunen vert delar av programmet formidla til innbyggjarane digitalt. Sogndal kommune vil leggja ut ei felles 17. mai-sending på nettsida til kommunen med mellom anna tale frå ordførar Arnstein Menes, russetalar og musikkinnslag. Denne videoen vil bli tilgjengeleg heile 17. mai.



GRATULERER MED DAGEN!

17. mai feirar me fred, fridom og folkestyre. For andre året på rad vert det ei annleis 17. mai-feiring. Dei lokale 17. mai-komiteane har laga gode program i bygdene innafor dei rammene som gjeld. Eg vil takka alle som gjer ein ekstra innsats denne dagen, komitear, musikklag, korps og kor og til sist ein stor takk til alle dykk som er på jobb. Eg håper alle får ein fin dag med is og god mat i godt selskap.

Med venleg helsing
Arnstein Menes,
ordførar i Sogndal kommune

FELLES FOR ALLE STADANE:

Kl. 12.00 Heile Noreg syng nasjonalsongen.

Sjølv om det står klokkeslett, unngå større samlingar av personar. Program i dei ulike grendene og lenker til digitale sendingar finn du på www.sogndal.kommune.no

BALESTRAND

Kl. 11.15 Gudsteneste i hotellhagen, Kviknes hotell. Balestrand songlag og Balestrand musikklag deltek. Påmelding på sogndal.kyrkja.no eller 920 60 832. Gudstenesta sluttar av med nasjonalsongen.

Kl. 12.45 Markering ved Balestrand helse-tun. Helsing frå kommunen ved Hans Christian Knudsen.

Mellom kl. 12.00 og 14.30

Sporleik ved 8. klasse. Start ved Sagatun skule. Deltakarane går ut i smågrupper (familie, vener), jf. smittevernreglane. Sporleiken vert avslutta i Holmen. Hugs å ta med blyant eller penn!

FJORDANE

Kl. 11.00 Gudsteneste i hotellhagen, Kviknes hotell. Sjå meir informasjon under Balestrand

Kl. 13.00 Traktor/bil-konvoi frå Sikebakken i Vetlefjorden og til Sværen

Kl. 14.00 Oppmøte i Sværen ved busskur

- felles song saman med skule og barnehage
- natursti med oppgåver/aktivitetar
- utdeling av is og medbrakt kaffi, sit i grupper
- avslutning etter kaffi og is

FJÆRLAND

Markeringane vert strøyma på Facebook-sida «Fjærland 2020».

Kl. 08.00 Trommesalutt/flaggheising

Kl. 11.00 Start på kyrkjegarden. Kransenedlegging. Skuleelev les eit par ord. Korpset spelar «Ja, vi elsker». Deretter til Busenteret. Der vert det m.a. talar ved Noralv Distad og varaordførar. Traktorkortesje - om Skinnskovegen.

Kl. 13.30 Natursti.

KAUPANGER

Kl. 08.00 Salutt. Speidarane heiser flagget ved Kaupanger skule

Kl. 10.30 Kaupanger ungdoms- og skulekorps spelar ein runde nede i Kaupanger

Kl. 11.15 Utegudsteneste ved Kaupanger stavkyrkje.

Kl. 12.15 Korpset spelar langs normalruta til barnetoget (Furuli-Bjørk)

Kl. 14.00 Bilkonvoi (20 km/t) med pynta køyretøy i runde frå rundkøyring ved Senterparken til Kaupanger ferjekai, og båtkonvoi med runde på Amlabukti. Vegtrafikklova gjeld. Bli med i løpet av timen konvoien varer!

Vi vil også publisere opptak frå dagens program. Sjå òg facebook-sida «Kaupanger før og no.»

LEIKANGER

Kl. 08.00 Flaggheising på 17. maihaugen i Eitorn

Kl. 10.00 Kransenedlegging ved kyrkja ved Henny Kristin A. Navarsete

Kl. 10.15 Gudsteneste Leikanger kyrkje

Kl. 11.15 Leikanger skulemusikk marsjerer frå Skrivargarden til sjukeheimen.

Kl. 12.00 Nasjonalsong. Musikklag og skulemusikk spelar ved sjukeheimen. Helsing frå kommunen ved Anna Hamre

Kl. 11.00-17.00 17.mai-vandring med rebus.

Kl. 12.15 «Popup-korps». Leikanger musikklag vil spela ulike stader i bygda.

Kl. 17.00 Direktesending på nett med høgdepunkt frå dagen og innslag frå kulturlivet og andre i bygda.

NORANE

Kl. 11.30 Inviterer vi alle som disponerer båt til båtkonvoi frå Staa til Ytre Slinde via Fimreite. Med om lag 6 knops fart vil vi bruke om lag ein time på turen. Alle er velkomne til å delta - kom med den båten du har! Vi oppmodar dei som ikkje har høve til å vere med i konvoien til å finne seg ein ledig plass ved fjorden (med god avstand til andre folk), og vinke med flagg. Håpar så mange som mogeleg vil delta!

Vi legg òg ut nokre kulturhistoriske- og aktivitetspostar langs den vanlege 17. maitog-ruta frå Staa, på gangvegen ut til paviljongen, og innom Draumeplassen. Denne kan de gå når det passar dykk i løpet av dagen (lagt ut dagen før). Det vert òg laga ei digital sending.

SOGNDAL

Kl. 08.30 Loftesnes, markering for Eidsvollsmennene, ved varaordførar Vibeke Johnsen.

Kl. 09.30 Markering ved bautasteinen ved Stedje kyrkje. Ved Karen Marie Hjelmseter.

Kl. 09.45 Gudsteneste Stedje kyrkje

Kl. 11.55 Salutt

Kl. 12.00 Båtkonvoi. Sogndal musikklag og Sogndal skulemusikk spelar i sentrum

Kl. 13.00 Markering ved SHOS. Helsing frå kommunen ved Gunhild Bøyum. Sogndal musikklag og Sogndal skulemusikk spelar.

Hugs å følgje smittevernreglane:

- Vask hendene
- Hald minimum ein meters avstand til andre, og hald avstand til stader der folk samlar seg.
- Ver heime om du er sjuk.

OM KORPS OG TOG

Det er berre korpsa som skal gå i tog. Ingen må henga seg på bakom eller samla seg tett i store folkemengder langs dei ulike rutene.

